

# BLYTTIA

NORSK BOTANISK FORENINGS TIDSSKRIFT




1955

NR. 2

---

OSLO



## Nye plantefunn 1952–1954.

### NEW PLANT FINDS IN NORWAY DURING THE YEARS 1952–1954.

Av

JOHANNES LID

Av meldingane om nye plantefunn som kjem inn til Botanisk Museum ved Universitetet i Oslo har eg her registrert dei viktigaste funn i dei tre siste år. Det er gjort på tilsvarande måte som i dei to førre listene (Lid 1950 og 1952 b), berre det at det norske navnet no er sett til attåt det latinske. I alt er her rekna opp 147 plantar, derav 24 nye antropokorar, det er forvilla plantar og plantar på avfallsplassar. Desse nye plantane er rekna opp til slutt, under Summary. For somme av dei har eg gjort framlegg om norske navn, dei er merkte med ei stjerne. \* Også denne gongen er det med nokre eldre funn som ikkje er publiserte før. Eg skuldar konservator Carl Blom i Gøteborg takk for hjelp med å navnfesta innførde plantar.

*Abutilon theophrasti* Med. Linderose. Sem: Vik, nær Sem st., ugras i ein eplehage oktober 1953 Johs. Widerøe. Ikkje kjend før i Vestfold.

*Agrostis gigantea* Roth. Storkvein. Sarpsborg: 27. aug. 1953 Kristian Andreassen. — Lunner: Hovlandsmyra 26. aug. 1954 Aasulv Løddesøl og Ole Lie. — Bærum: Ved krysset Snarøyvegen og Oksenøyvegen 10. sept. 1954 Per Størmer. — Lista: Åsen 4. aug. og Tjørve 10. aug. 1954 Per Størmer. — Vestnes: Gjermundsnes 15. aug. 1953 Ivar Jørstad. Ikkje kjend før i Vest-Agder eller i Møre og Romsdal.

*Alchemilla plicata* Bus. Buttmarikåpe. Sannidal: Grønåsen 15. juli 1952 J. L. — Ikkje før kjend i Telemark.

*Alopecurus geniculatus* L. Knereverumpe. Ulvik: Finse 2. aug. 1954 J. L. Denne planten kunne vi ikkje finna på Finse i 1953 (Lid 1954 s. 15). I 1954 stod det eit par plantar ved Samvirkelaget.

*Amaranthus retroflexus* L. Duskamarant. Sem: I rotvekståker på Vik oktober 1953 Johs. Widerøe. — Jølster: I gulerotåker på Befring 9. sept. 1953 Olav J. Befring. — Sparbu: Mære Landbruksskule, 85 cm høg plante i potetåker 29. sept. 1953 Roar Olavsvengen. Før ukjend mellom Buvik og Velfjord.

*Amelanchier spicata* (Lam.) C. Koch. Blåhegg. Rakkestad: I gran-